



Sunnfjord
kommune



Mobilitetsstrategi 2022-2025

- for klimavenleg og aktiv transport

Vedteken i kommunestyret 22.09.2022, sak 083/22

Illustrasjonar: Gregory Idehen

Innhald

Mobilitetsstrategi 2022-2025.....	1
Innleiing.....	3
Tenke langsiktig, handle no	3
Nasjonale og regionale forventningar.....	4
Kommunale planar.....	5
Utviklingstrekk og utfordringar.....	6
Kunnskapsgrunnlag	7
Hovudmål og strategiar	8
Mål 1 Betre folkehelse gjennom aktiv transport.....	9
Mål 2 Mjuke trafikantar som premiss for berekraftig by- og tettstadutvikling.....	10
Mål 3 Klimavenlege og effektive transportformer	11
Føresetnader for å gjennomføre strategien	12
Prosess og medverknad.....	14
Framdriftsplan.....	15
Organisering av prosjektet	15
Vedtak i kommunestyret	16

Innleiing


Vi brukar ein stor del av kvardagen vår til å reise mellom heim, arbeidsplass, skule og fritidsaktivitetar, til butikken eller handelshuset. Svært mykje av transporten skjer med personbil, og dette pregar tettstadane våre og fører til klimagassutslepp. Den samla transporten har eit stort potensial for grøn utvikling, effektivisering og omstilling.

Sunnfjord kommune har fått Klimasats-tilskot frå Miljødirektoratet og fornyingsmidlar frå Statsforvaltaren til å utarbeide strategien.

Tenke langsiktig, handle no

Mobilitetsstrategien handlar om kva Sunnfjord kommune vil gjere for å bidra til betre folkehelse, berekraftig by- og tettstadsutvikling og reduserte klimagassutslepp gjennom transportsektoren. Strategien er ikkje eit handlingsprogram, men skal vere eit grunnlag for målretta satsing på klimavenleg og aktiv transport.

Dei overordna måla er eit uttrykk for korleis vi ønskjer å ha det i 2030. Strategien viser kva vi vil gjere dei neste 4 åra på vegen mot 2030. Mobilitetsstrategien må reviderast jamleg i lys av nye føresetnader og samfunnsutviklinga.





Nasjonale og regionale forventningar

Regjeringa vil at FN sine 17 berekraftsmål, som Norge har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, og forventar at kommunane følgjer opp dette gjennom overordna planlegging. Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing legg føringar for klima- og miljøomsyn i kommunale planar.

Regional transportplan for Vestland 2022-2033 (RTP) sitt mål er at «Vestland skal ha eit effektivt, trygt og framtidssretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling». På bakgrunn av RTP har Skyss utarbeidd «Strategi for berekraftig mobilitet i Vestland 2022-2033». Her er berekraftig mobilitet definert som heilskapen av måtar å reise frå ein stad til ein annan, og som tek miljømessige, sosiale og økonomiske omsyn. Målet med strategien er å utvikle eit velfungerande og berekraftig mobilitetssystem for innbyggjarar og samfunn i Vestland. Kollektivtilbodet skal framleis vere den viktigaste delen av dette systemet. Vestland fylkeskommune har utarbeidd «Strategi for mjuke trafikkantar» som eit grunnlag for RTP 2022-2033. Hovudmålet er at fleire skal gå eller sykle i staden for å nytte bil, då dette betrar folkehelsa, er bra for miljøet og reduserer helseutgifter for det offentlege.

Kommunale planar

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2030. Slik vil vi ha det i 2030:

- «Den saumlause kvardagen i Sunnfjord»: Det er enkelt og raskt å ferdest mellom heim, skule, jobb og aktivitetar
- Innbyggerane våre ser klima- og miljøvenlege transportløyningar som det naturlege førstevalet
- 8 av 10 skuleelevar går eller sykklar til skulen fordi vi har trygge skuleveggar
- Vi er ein nullutsleppskommune
- Gjennom Førdepakken har vi fått ei betre trafikkavvikling gjennom sentrum og ein større del av reisene sentralt i Førde blir gjennomført av mjuke trafikantar
- Kommunen vil gjennom ei klimavenleg og forsvarleg forvaltning av areala bidra til god folkehelse, gode bu- og oppvekstvilkår og miljøvenleg transport
- Folkehelsearbeid handlar om å jobbe for å fremje innbyggerane si helse og trivsel, og redusere dei faktorane som kan påverke dette negativt

Klimaomstillingsplanen for 2019-2030 sine visjonar for arealbruk og transport:

- Kollektivtilbodet er trygt, føreseieleg, billeg og godt. 30 % av pendlarar mellom tettstadane vel kollektiv i staden for privatbil. Det er etablert gode løyningar som innfartsparkering i tilknytning til kollektivtilbodet
- Gang- og sykkelvegnettet er trygt, triveleg og godt, og alle som bur mindre enn 4 km frå arbeidsstad/fritidsaktivitet, vel å sykle/gå i staden for å bruke privat bil
- Det er innført parkeringsordning i Førde, i og nær sentrum
- Sunnfjord kommune er godt tilrettelagt for låg- eller nullutsleppskøyretøy
- Sunnfjord kommune har eit berekraftig utbyggingsmønster som stimulerer til kortare og meir miljøvenlege reiser, har gode grønstrukturløyningar og gode oppvekstvilkår.
- Vi har gått frå å vere ein sykkelby til å bli ein sykkelkommune
- Bringeland lufthamn er kompetanse- og utviklingssenter for elektriske fly og droneflyging

Kommuneplanen sin arealdel er under utarbeiding, med mål om vedtak sommaren 2023. Planen legg til grunn føringane i samfunnsdelen, med 12 punkt som i stor grad handlar om samordna areal- og transportplanlegging, og som vil bidra til å nå dei langsiktige måla i mobilitetsstrategien.

Kommunestyret i Sunnfjord har vedteke at det skal utarbeidast eit klimabudsjett for å kople oppfølging av klimaomstillingsplanen med kommunen sin økonomiplan. Dette arbeidet pågår, med mål om implementering i økonomiplan 2024-2027. Mobilitetsstrategien vil vere eitt av hovudsatsingane i klimabudsjettet.

Kommunestyret har og vedteke å styrke dialogen med fylkeskommunen om framtidig kollektivtilbod i Sunnfjord, med vekt på bybussen, sonestruktur, regionrutene og ekspressbussane. Skyss har starta eit arbeid med revisjon av bybussen i Førde.

Trafikktryggingssplanen for 2022-2025 er under utarbeiding og vil mellom anna innehalde ein handlingsplan med prioriterte fysiske tiltak for betre trafikktryggleik. Føremål og tiltak i denne planen vil bidra til å nå dei langsiktige målsettingane i mobilitetsstrategien.

Utviklingstrekk og utfordringar

Sunnfjord har mange av dei same utfordringane som Vestland fylkeskommune har peika på i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024:

Ungdom – trivsel og tilhøyrse

Ungdomen sitt distriktspanel vil at det skal bli enklare å kome seg frå A til Å. Dei ønskjer mellom anna meir tingingsbasert transport som kan ivareta transportfunksjoner i distrikta. Dei vil ha trygge vegar, gang- og sykkelveggar og meir gatelys, lågare billettprisar på all transport for ungdom og nye miljøvenlege og framtidssretta transport- og kollektivløysingar.

Ungdomsrådet i Sunnfjord kommune har etterlyst mykje av det same. Gode mobilitetssystem for særleg ungdom og andre grupper som ikkje har tilgang til personbil, kan bidra til å redusere utanforskap, og auke trivsel og tilhøyrse i kommunen.

Folkehelse og aktiv transport

Forsking viser at sykling og gonge er bra for helsa. Samtidig har vi innretta samfunnet slik at mange barn og unge blir køyrd frå dør til dør av ulike årsaker. Å stimulere til aktiv transport som eit naturleg førsteval i tidleg alder kan senke terskelen for å velje sykkel og gonge i vaksen alder.

Klimaomstilling

Skal vi redusere klimagassutsleppa må vi omstille samfunnet. Næringslivet har ei viktig rolle. I Sunnfjord kjem mykje av dei direkte klimagassutsleppa frå vegtransport. Vestlandet er landsdelen som er mest råka av ekstremvær, og har særskilte utfordringar med å tilpasse busetnad og infrastruktur til klimaendringane.

Balansert areal- og naturressursbruk

Nedbygging av areal går på kostnad av naturressursar og verneverdiar knytt til matjord, naturmangfald, landskap og kulturmiljø. Eit klima- og miljøvenleg utbyggingsmønster fører til at transportbehovet vert avgrensa, reduserer klimagassutslipp og sparar verdifulle areal. Fylket har stor produksjon av fornybar elektrisk kraft, men utfordringa er å dra større nytte av krafta i eige fylke.

Gode transportsamband og smart mobilitet

Fylket har store utfordringar med å oppretthalde standard, utbetre og vedlikehalde fylkesvegane. Eit utsleppsritt og godt utbygd kollektivtilbod er viktig for å sikre mobilitet i heile fylket. I Sunnfjord er det lokale flytilbodet ei utfordring, og overgangen til el-fly ei mogleg løysing. Lokalt har vi utfordringar knytt til å auke attraktiviteten til sykkel, gonge og kollektiv. Utrygge skuleveggar er òg ei utfordring mange stader. Undersøkingar viser at manglande oppleving av god trafikktryggleik er ein viktig faktor som hindrar folk i å velje sykkel og gonge. Trafikktryggleik er difor avgjerande for å endre reisevanane i befolkninga.

Attraktive stader og gode nærmiljø

Det er viktig å skape gode nærmiljø der folk bur og ferdast. Viss folk skal velje aktive transportformar, er det viktig at omgjevnaden inviterer til ferdsle og opphald utandørs. Grøne og trygge møteplassar og ferdslekorridorar kan vere like viktige som sjølve fortauet eller sykkelvegen. Eit inkluderande og aldersvenleg samfunn krev ein aktiv bustadpolitikk. Universell utforming gir alle moglegheiter til dei same tilboda. Gode møteplassar legg grunnlaget for deltaking i samfunnet.

Kunnskapsgrunnlag

Rapporten «Sunnfjord kommune – Mobilitetsanalyse» frå 2021 gir oversikt over demografi, transportmønster og utviklingstrekk, og føresetnader og tilrådingar for utarbeiding av mobilitetsstrategien.

Offentleg statistikk frå Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen er sentrale kjelder for tilgjengeleg kunnskap. Vestland fylkeskommune sin regionale transportplan og strategiar for mobilitet og mjuke trafikantar inneheld mykje relevant kunnskap for mobilitet i vår region.

Høgskulen på Vestlandet har bidrege gjennom arbeidet i Sykkelbyen Førde med formidling av kunnskap frå forskning på folkehelse og aktiv transport.

Miljødirektoratet har utarbeidd eit breitt faggrunnlag for å identifisere viktige utsleppsfaktorar og viktige tiltak i kommunane.


Bakgrunnsdokument	Status
Mobilitetsanalyse – Sunnfjord kommune	Rapport frå 2021 av Nordplan
Klimaomstillingsplan 2019-2030 og handlingsprogram 2019-2022	Vedteken 2019 av Førde, Gaular, Jølster og Naustdal kommunar
Kommuneplanen samfunnsdel 2021-2030	Vedteken februar 2022 i kommunestyret
Trafikktryggingssplan 2022-2025	Under utarbeiding
Sykkelbyen sluttrapport 2012-2021 og aktivitetsplan 2022-2025	Aktivitetsplan under utarbeiding
FACT – Førde Active Transport Study 2016-2021	Gjennomført
Regional transportplan Vestland 2022-2033	Vedteken desember 2021 i Vestland fylkeskommune
Strategi for mjuke trafikantar 2022-2033	Grunnlagsdokument til RTP
Strategi for berekraftig mobilitet 2022-2023	Grunnlagsdokument til RTP
Utviklingsplan for Vestland 2020-2024	Vedteken september 2020 i Vestland fylkeskommune

Hovudmål og strategiar

Dei overordna måla er eit uttrykk for korleis vi ønskjer å ha det i 2030. Strategien viser kva vi vil gjere dei neste 4 åra på vegen mot 2030.

Mobilitetsstrategien peikar ut ei retning for kva kommunen vil gjere, og i mindre grad korleis. Dei konkrete tiltaka må utformast i lys av politiske prioriteringar, moglegheit for finansiering og ei rekke andre føresetnader. Delstrategiane vil overlape, og dei ulike tiltaka og verkemidlane vil i stor grad bidra til å oppfylle fleire av måla samtidig. Mobilitetsstrategien må reviderast jamleg i lys av nye føresetnader og samfunnsutviklinga.

Kommunen har organisert ei mobilitetsgruppe på tvers av fageiningane for å jobbe fram konkrete tiltak ut i frå delstrategiane. Tiltaka skal presenterast i eit forslag til handlingsplan som blir lagt fram til politisk behandling innan februar 2023, med tanke på innarbeiding i økonomiplan 2024-2027 og klimabudsjett for same periode.



Mål 1

Betre folkehelse gjennom aktiv transport

Strategiar:

- 1.1 Vidareføre satsinga gjennom Sykkelbyen Førde. Aktivt fremje folkehelsegevinstane med sykling og gonge gjennom motivasjon, kunnskapsformidling og fremjing av nye infrastrukturtiltak.
- 1.2 Legge til rette for at mjuke trafikantar i alle aldersgrupper kan ferdast trygt, med god tilrettelegging av gang og sykkelveggar. Det er særleg viktig å legge til rette for at flest mogleg barn og unge kan ferdast trygt til skule og fritidsaktivitetar for eigen maskin. Prioritere trygge skuleveggar gjennom arealplanar, trafikktryggingsplanen og andre utviklingsprosjekt for byen og tettstadane. Samarbeide med skule og barnehage for tidleg introduksjon av gonge og sykkel som førsteval, gjennom haldningskampanjar, Barnetråkk, Hjartesoner og kartlegging av snarveggar.
- 1.3 Samarbeide med Høgskulen på Vestlandet om aktiv transport i Studentbyen Førde. Samarbeide med andre offentleg verksemder om sykkelvenlege arbeidsplassar, til dømes Helse Førde.

Mål 2

Mjuke trafikantar som premiss for berekraftig by- og tettstadutvikling

Strategiar:

- 2.1 Sikre bilfrie og attraktive uterom og møteplassar for mjuke trafikantar i sentruma gjennom arealplanar.
- 2.2 Avgrense parkeringsplassar og sikre etablering av gode sykkelparkeringar og samanhengande og trygge ferdsleårar for sykkel, gonge og kollektivtrafikk i arealplanar.
- 2.3 Fremje dei positive effektane for mjuke trafikantar etter kvart som Førdepakken blir gjennomført.
- 2.4 Greie ut behovet for regulering av el-sparkesyklar og annan mikromobilitet, og samarbeide med grunneigarar og aktørar om gode løysingar.

Mål 3

Klimavenlege og effektive transportformer

Strategiar:

- 3.1. Leggje føringar i kommuneplanen sin arealdel for å redusere framtidig transportbehov, og styrke framkome, tryggleik og tilgjenge for gonge, sykkel og kollektivtrafikk.
- 3.2. Avgrense parkeringsplassar og stille krav om sykkelparkering, parkering for bildeling og lading for elbilar i arealplanar. Reservere parkeringsplassar og laste- og losselommer til utsleppsfrie køyretøy. Differensiere parkeringsavgifter på offentlege parkeringsplassar for å fremje klimavenlege køyretøy.
- 3.3. Krevje etablering av ladeinfrastruktur i nybygg av garasjar og parkeringsplassar i planføresegner. Regulere areal for lading og energistasjonar (biogass, hydrogen, batterielektrisk) i arealplanar for å mogleggjere teknologiskifte. Leggje til rette for ladeinfrastruktur for drosjar, næringsliv og private, gjennom etablering eller kommunalt tilskot til etablering.
- 3.4. Drive langsiktig energiplanlegging saman med nettselskap for å sikre koordinering og informasjonsflyt om planar for elektrifisering av transport i kommunane. Som eigar av straumselskap styrke lokalt nett, overgang til elektriske løysingar og effektiv og fleksibel bruk av energi.
- 3.5. Vere pådrivar for eit betre bybuss-tilbod i Førde, og eit betre kollektivtilbod på pendlarruter og regionale/lokale ruter med vekt på frekvens, pris og korrespondanse. Busstilbodet til Bergen må betrast betydeleg i høve til avgangstider og frekvens, slik at kollektivtransport på denne strekningen blir eit reelt val. Påverke fylkeskommunen til å utvikle og forbetre kollektivtilbodet med vekt på berekraftig mobilitet og framtidretta løysingar. Mobilitetsstrategien skal bidra til å fremje kollektivtransport med nullutsleppsteknologi som batteri/hydrogen eller biogass, mellom anna gjennom offentlege anskaffingar. Bruke piloten for autonom buss som ein inngangsport til vidareutvikling. Betre transporttilbod i Studentbyen Førde som mellom anna knyter saman Campus Vie, Førde sentrum og teknologisenteret på Øyrane.
- 3.6. Vere pådrivar for etablering av kommersiell el-fly-rute Førde-Bergen, gjennom samarbeid med fylkeskommunen, Avinor og kommersielle aktørar.
- 3.7. Innføre grøn innkjøpsstrategi i kommunen. Etterspørje nullutslepp og effektivisering ved vare- og tenesteleveransar. Anskaffe nullutsleppkøyretøy til eigen bruk. Tilby prøvekøyring av el-sykkel og null- og lågutsleppkøyretøy for tilsette. Redusere transportbehovet og tal reiser gjennom aktiv bruk av IKT-løysingar, og etterspørje slik bruk frå statlege myndigheiter og samarbeidspartnarar.
- 3.8. Sunnfjord kommune vil leggje til rette for at innbyggjarane kjem seg saumlaust frå der dei er til der dei skal. Kommunen vil etablere sykkelparkering under tak, bysykkelordning og gode parkeringsplassar for bil på viktige kollektivhaldeplassar langs pendlarrutene og jobbe for å få Skysst med på ein slik heilskapeleg mobilitetsstrategi.

Føresetnader for å gjennomføre strategien

Mobilitetsstrategien vil vere grunnlaget for å jobbe målretta med tiltak for meir klimavenleg og aktiv transport i kommunen. Kva tiltak som vil vere mest realistiske er avhengig av ei rekke føresetnader, som vi har omtalt kort nedanfor. Styrker, svakheiter og moglegheiter er meir omtalt i mobilitetsanalysen.

Regional satsing på kollektiv, sykkel og gonge

I Regional transportplan 2022-2033 er det ny E39 forbi Førde og fylkesvegane som står i fokus. Sunnfjord kommune får elles lite merksemd og ligg utanfor satsinga gjennom byvekstavtalen. Planen har fleire gode mål for mobilitet i heile fylket. Det er likevel uklart i kva grad regional satsing på klima- og helsevenleg utbyggingsmønster, nullvekst i personbiltransporten og styrka kollektivtilbod vil kome Sunnfjord-regionen til gode. Skyss sitt forslag til mobilitetsstrategi nemner ikkje Sunnfjord eller Førde direkte. Fylkeskommunen sitt forslag til strategi for mjuke trafikantar omtalar Førdepakken og sykkelbyavtalane, men viser samtidig til at avtalane ikkje blir vidareført.

Teknologiutvikling og nasjonale tiltak

Næringslivet i Norge utviklar stadig ny teknologi og digitale løysingar som kan bidra til eit raskare skifte til klimavenleg transport. Utviklinga innanfor sjølvkøyrande teknologi, nullutslepp-køyretøy, ladeinfrastruktur og mobil-applikasjonar er døme på dette. I Sunnfjord har vi gjennomført pilotprosjekt for autonom buss i 2021, som eit grunnlag for vidare satsing på Vestlandet gjennom Skyss. Førde lufthamn er ein del av nettverket for etablering av ruter med el-fly. Dei større byane har kome langt med brukarvenlege digitale plattformer for kollektivreiser, bysyklar og delebil-ordningar.

Gjennom Nasjonal transportplan for 2022-2030 vil regjeringa gjennomføre ei rekke tiltak for eit effektivt, miljøvenleg og trygt transportsystem i 2050. Sentrale verkemidlar for å kutte utslepp frå transportsektoren er mellom anna CO2-avgift, omsetnadskrav for biodrivstoff, krav til null- og lågutsleppsteknologi og Enova sine støtteordningar. Dette vil påverke i kva grad næringslivet og innbyggjarane er villige til å omstille seg, som igjen vil vere ein viktig faktor for arbeidet med berekraftig mobilitet i vår kommune.

Fysiske føresetnader

Byen og tettstadane i Sunnfjord er i stor grad utvikla på premissane for personbilen. Sjølv om mange ønskjer å nytte meir klimavenleg og aktiv transport, er dei fysiske føresetnadene ikkje like utvikla for kollektiv, sykkel og gonge. Mange bur i einebustad i dei store bustadområda i randsona utanfor sentruma, og avstanden mellom bustad, arbeidsplass, skule og handel gjer at dei fleste vel personbilen. Det er samtidig ein sterk bilkultur i Sunnfjord, og med unntak av bomringen i Førde er det innført få lokale bilreduserande tiltak. Dette gjer at mange som bur innanfor rimeleg sykkel og gangavstand likevel vel personbilen. Kommuneplanen sin arealdel kan legge til rette for at kollektiv, sykkel og gonge blir meir attraktivt enn personbilen, gjennom krav til infrastruktur og lokalisering av bustader og arbeidsplassar.

Førdepakken

Førdepakken inneheld 20 små og store tiltak som skal betre tilhøva for både bilistar, gåande og syklende. Sentrumsutvikling, samanhengande sykkelvegnett og auka trafikktryggleik er blant måla. Mobilitetsstrategien legg til grunn at alle prosjekta for gåande og syklende i Førdepakken blir realiserte.

Sykkelbyen Førde

Sykkelbyavtalen blei avslutta i 2021, men Sykkelbyen Førde lever vidare. Sunnfjord kommune vil lage ein aktivitetsplan for dei neste åra, med målretta tiltak for å få fleire ut på sykkel. Ut i frå at finansieringa gjennom sykkelbyavtalen fell bort, er det ein føresetnad at prosjektet blir organisert på nytt og at vi satsar på tiltak som kan nå opp i konkurransen om eksterne tilskot og elles set av nok ressursar i kommunen til arbeidet.


Miljøverksemda Sunnfjord kommune

Sunnfjord kommune er ein stor innkjøpar av varar og tenester, og kan såleis gå føre i det grøne skiftet med å ettersørje og innføre klimavenlege løysingar i si eiga verksemd. Kommunen har til dømes over 100 køyretøy som i stor grad kan erstattast med nullutslepp-alternativ i framtida. Omstillinga er delvis i gang, men kommunen har høve til å systematisere arbeidet gjennom strategiar som stimulerer til grøne innkjøp og klimavenlege tenestereiser.

Finansiering og ressursar

Alle tiltak vil medføre eigeninnsats og/eller eksterne kostnader. Både stat og fylkeskommune har tilskotsordningar innanfor klima, helse, innovasjon og utvikling som kan vere aktuelle kjelder til finansiering av tiltaka gjennom mobilitetsstrategien. Dette blir førande for kva tiltak som er mest gjennomførbare. I tillegg vil det vere ei rekke tiltak der kommunen i hovudsak bruker eigne ressursar, gjennom nettverk, dialog, informasjon og motivasjonstiltak.

Det er såleis ein føresetnad at kommunen set av eigne midlar og ressursar til å arbeide med gode tiltak og gode søknader, og at regionale og statlege instansar prioriterer tilskot til vår kommune. I slike samanhengar bør det vere ein fordel for kommunar med ein ferdig strategi for mobilitet.



Prosess og medverknad

Utval for samfunn, kultur og næring vedtok 19. mai 2021 følgjande mandat:

«Mobilitetsstrategien for Sunnfjord kommune skal utarbeidast i tråd med kommunal planstrategi og på bakgrunn av mobilitetsanalysen av 23.03.2021.

Kommunedirektøren får i oppdrag å legge fram eit forslag til strategi for utvalet for samfunn, kultur og næring i løpet av 2021, basert på følgjande disposisjon:

Hovudsatsingsområde:

- Transport i Førde by – Mobilitetsbyen Førde 2030
- Transport mellom tettstadane og Førde
- Gjennomgangstrafikk på E39 og Rv5

Sentrale målsettingar:

- Folkehelse – aktiv transport og trygg ferdsle
- By- og tettstadsutvikling – færre bilar, fleire trivelege uterom og bumiljø
- Klimaomstilling – reduserte utslepp frå trafikk

Viktige tiltakskategoriar:

- Fortetting av byen og tettstadane
- Fremjing av kollektivtransport og aktiv transport
- Infrastruktur for nullutslepp
- Utvikling og effektivisering av motorisert transport»

Kommunedirektøren har lagt vedtaket til grunn for arbeidet, men har gjort nokre endringar i oppdeling og namngjeving. Mobilitetsstrategien er elles utarbeidd i lys av overordna nasjonale og regionale føringar, og pågåande kommunale planprosessar og satsingar.

Prosjektet har vore eit tverrfagleg samarbeid på tvers i kommuneadministrasjonen og med deltaking frå Vestland fylkeskommune si mobilitetsavdeling. Prosjektleiarane for Førdepakken og for Sykkelbyen har vore sentrale deltakarar, i tillegg til byplanleggar og klimakoordinator. Nordplan blei leigd inn for å lage eit fagleg grunnlag for strategien.

Transport og mobilitet er relevant på tvers av alle sektorar, og bør inkluderast i overordna plan og prosess. I arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er mobilitet eit tema på politiske verkstad og høyringsmøte. Offentlege myndigheiter, instansar og interesseorganisasjonar blir i hovudsak involvert gjennom ordinære planprosessar og i tilknytning til konkrete tiltak og prosjekt.

Kommunen har organisert ei mobilitetsgruppe på tvers av fagsektorane som får eit hovudansvar for å konkretisere og gjennomføre tiltak forankra i delstrategiane. I tillegg må aktuelle kommunale einingar bidra med kunnskap og gjennomføring.

Framdriftsplan

Periode	Aktivitet	Politisk behandling mm.
mai 2021	Presentasjon av mobilitetsanalysen	Mandat til arbeidet med mobilitetsstrategien
aug 2021	Organisering av prosjektet	
sep-des 2021	Delrapport Klimasats frist 15/9	Orientering om organisering og framdriftsplan
jan-feb 2022	Medverknad - innspelsrunde Samordning med planprogram kommuneplan arealdel	Orientering i råd og utval
mar 2022	Forslag til strategi	Orientering om innhald og framdrift, høringsvedtak
apr-mai 2022	Høyring	Orientering i kommunale råd og referansegrupper
jun-aug 2022	Ferdig strategi	Sluttbehandling og vedtak
sep 2022	Sluttrapport prosjekt Klimasats frist 30/9	

Organisering av prosjektet

Styringsgruppe: Utval for samfunn, kultur og næring

Prosjektansvar: Kommunalsjef teknisk og miljø, Jan-Inge Hage

Prosjektleder: Klimakoordinator Truls Hansen Folkestad

Prosjektgruppe: Interne ressursar ved Teknisk og miljø mfl.

Vedtak i kommunestyret

Kommunestyret sitt vedtak i sak 083/22 den 22.09.2022:

Kommunestyret vedtek Mobilitetsstrategi for klimavenleg og aktiv transport 2022- 2025, med følgjande justeringar:

1. Det skal utarbeidast ein handlingsplan med tiltak som skal følgje opp strategien. Kommunestyret ber kommunedirektøren om eit forslag til handlingsplan innan februar 2023, med tanke på innarbeiding i økonomiplan 2024-2027 og klimabudsjett for same periode. 2.
2. Strategien blir justert for følgjande punkt til:

Punkt 1.2:

Legge til rette for at mjuke trafikantar i alle aldersgrupper kan ferdest trygt, med god tilrettelegging av gang og sykkelveggar. Det er særleg viktig å legge til rette for at flest mogleg barn og unge kan ferdest trygt til skule og fritidsaktivitetar for eigen maskin. Prioritere trygge skuleveggar gjennom arealplanar, trafikktryggingssplanen og andre utviklingsprosjekt for byen og tettstadane. Samarbeide med skule og barnehage for tidleg introduksjon av gonge og sykkel som førsteval, gjennom haldningskampanjar, Barnetråkk, Hjartesoner og kartlegging av snarveggar.

Punkt 3.5:

Vere pådrivar for eit betre bybuss-tilbod i Førde, og eit betre kollektivtilbod på pendlarruter og regionale/lokale ruter med vekt på frekvens, pris og korrespondanse. Busstilbodet til Bergen må betrast betydeleg i høve til avgangstider og frekvens, slik at kollektivtransport på denne strekningen blir eit reelt val. Påverke fylkeskommunen til å utvikle og forbetre kollektivtilbodet med vekt på berekraftig mobilitet og framtidretta løysingar. Mobilitetsstrategien skal bidra til å fremje kollektivtransport med nullutsleppsteknologi som batteri/hydrogen eller biogass energi, m.a. gjennom offentlege anskaffelsar. Bruke piloten for autonom buss som ein inngangsport til vidareutvikling. Betre transporttilbod i Studentbyen Førde som mellom anna knyter saman Campus Vie, Førde sentrum og teknologisenteret på Øyrane.

Nytt punkt 3.8:

Sunnfjord kommune vil leggje til rette for at innbyggerane kjem seg saumlaust frå der dei er til der dei skal. Kommunen vil etablere sykkelparkering under tak, bysykkelordning og gode parkeringsplassar for bil på viktige kollektivhaldeplassar langs pendlarrutene og jobbe for å få Skyss med på ein slik heilskapeleg mobilitetsstrategi.

Kommunedirektøren fekk fullmakt til å innarbeide justeringane i det endelege strategidokumentet, og med rett «språkdrakt».

Finansiering

Arbeidet med mobilitetsstrategien er gjennomført ved einingane for landbruk og miljø og areal- og byggesak.

Prosjektet blei finansiert med tilskot frå Klimasats frå Miljødirektoratet i 2020.

